



Søknad om tilskot til lokalt trafikksikringsarrangement - 2016

Søknaden skal sendast til:

Elektronisk adresse: hfk@hfk.no

Søknad merkast med: "Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement – søknad om tilskot (FTU)
– ref. 2014/1230"

Stad og dato:.....mai/juni 2016.....

Namn på arrangement
Trafikkdag for ungdomsskuleelevar i Stord, haldningsskapande arbeid

Søknaden gjeld følgjande type arrangement og trafikantar

Set kryss

1. Fotgjengar

2. Sykkel

3. Fart og rus

4. Barnehage

5. Barneskule og ungdomsskule

x

5. Vidaregåande skule

6. Vaksne

7. Eldre

Særskilde satsingsområde i Handling for trafikksikring i Hordaland perioden 2014-2017

Set kryss

Trafikksikringsarbeid i kommunane

x

Møteulukker utanfor tettbygde strok

Mjuke trafikantar i byområde

Namn på tiltaket

Namn på søkjar
Nvsæter unodomsskule

Organisasjonsnummer

Adresse
Utslettevegen 60

Postnummer og poststad
5410 Sagvåg

Kontaktperson
Anne Beate Sunde, konst.rektor

Kontonummer

E-post
Anne.beate.sunde@stord.kommune.no

Telefon
91611741/53409750

Totalkostnad	232 000	Søknadssum	65 000
---------------------	----------------	-------------------	---------------

Skildring av prosjektet:

I samband med valfaget trafikk har Nysæter ungdomsskule hatt eit samarbeid med Sunnhordland Trafikkopplæring v/Per Ove Husevik. Våren 2015 arrangerte me ein temadag om trafikk for elevane på 10.trinn, med mål om å skape gode haldningar hos dei unge som ferdast i trafikken som mjuke trafikantar, ferske mopedførarar og komande bilførarar. Me opplevde dette som svært positivt, og våren 2016 vil me gjerne utvida arrangementet og invitera 10.klasse-elevar frå dei to andre ungdomsskulane i kommunen til å delta. Totalt vert det ca. 320 elevar. Me tenkjer oss dagen som ei løype med stasjonar der elevane får møta ulike sider/utfordringar i trafikken, og ynskjer å gjennomføra praktiske øvingar samstundes som me gir rom for refleksjon og diskusjon. Me ynskjer også å fletta inn eit foredrag med Trond Boye Hansen som har mange års erfaring som ambulansjesjåfør, forskar og foredragshaldar. Han var med på trafikkdagen vår våren 2015, og gav ungdomane våre sterke og nyttige inntrykk som førte til refleksjon og auka medvit om kva haldningar dei skal ha som trafikantar.

I tillegg til det reint trafikkfaglege utbytet elevane får, ynskjer me også å bidra til å styrka det sosiale fellesskapet mellom ungdomane i kommunen vår. Nokre av stasjonane vil vera retta mot dette, mellom anna ved å gjennomføra lagbyggingsoppgåver/ felles matøkt m. grilling. Me meiner at eit sterkt sosialt fellesskap også vil styrka dei unge sine evner til å opptre som positive og ansvarsmedvitne både i trafikken og i andre samanhengar.

Me tenkjer oss at dette arrangementet må gjennomførast på eit godt tilpassa område som har både uteareal og inneareal som er veileigna til å samla så mange elevar. Skulane har pr. i dag diverre ikkje slike areal tilgjengeleg. Det vil difor vera aktuelt å leiga areal/lokale hos Stord konferansesenter.

Me kan diverre ikkje på noverande tidspunkt senda inn ein fullstending oversikt over totalkostnadar for arrangementet, og ber difor om at me kan få ettersenda dette så snart som mogleg. Dei fleste aktørane stiller opp meir eller mindre kostnadsfritt til dette arrangementet, men me vil i alle fall ha utgifter til foredragshaldar, leige av område, transport av elevar m.m. Eigeninnsatsen består av eit tal timar for ungdomsskulelærarar og trafikkskulelærarar.

Korleis er arrangementet med på å styrke trafikktryggleiken?

Arrangementet vil gjennom tverrfagleg arbeid formidla kunnskap og utfordra elevane når det gjeld

- Kunnskap om trafikk: fart/ åtfærd / utstyr og sikring i trafikken
- Trafikkreglar
- Kunnskap om køyretøy: korleis skal sykkel/moped/bil vera utrusta? Kva med sikkerheitsutstyr?
- Når ulukka er ute: sikring og førstehjelp, sorgprosessar/sorgarbeid
- Haldningar i trafikken: generelle haldningar, evne til å stå imot press, ungdom og alkohol (MOT)

Me meiner at ved å setje fokus på trafikk som tema i eit felles arrangement for denne aldersgruppa, kan me bidra til auka kunnskap og betre og meir ansvarsmedvitne haldningar mellom unge som er på veg over i den motoriserte trafikkverda. Kunnskap og gode haldningar vil på sikt styrka trafikktryggleiken.

Samarbeidspartnarar – korleis deltek dei?

NAF, demonstrasjon «Veltepetter»

Statens vegvesen

MOT, lagbygging, haldningsskapande arbeid

Stord kommune/ Utekontakten, haldningar

Kyrkja, sorgprosessar/sorgarbeid

Sunnhordland Trafikkopplæring, trafikk-kunnskap
 Politiet, trafikk-kunnskap, tryggleik, reglar, konsekvensar ved regelbrot
 Brann- og ambulanseteneste, sikring ved ulukke, førstehjelp
 Trond Boye Hansen, foredragshaldar
 Lærarar ved ungdomsskulane: Lagbygging
 Eventuelt fleire

Har det vore søkt om midlar til dette arrangementet tidlegare? Ja Nei

Planlagt start 16.06. 2016	Planlagt slutt 16.06.2016
-------------------------------	------------------------------

Namn på kommune og stad der arrangementet skal gjennomførast
 Ungdomsskulane i Stord kommune

Budsjett med finansieringsplan; spesifiser inntekter og utgifter

Type midlar	Utgifter	Inntekter
Foredragshaldar	20 000	
Leige av areal	25 000	
Transport	20 000	
*Eigenandel, min. 25% (ved totalkostnad over 30.000 kr): Personalkostnader, planlegging og gjennomføring	170 000	
Søknadssum:		65 000
Totalkostand:		235 000

*Personalkostnader/eigeninnsats vert rekna med timepris som utgjer 1,2 % av årslønn, maks kr 1100 pr time, dette inkluderer normale administrative kostnader og andre overheadkostnader.

Meir informasjon om tilskotsordninga og søknaden

Søknadsfrist to gonger i året. Det må søkjast på eige skjema.

Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.

Arrangement med ei kostnadsrâme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25%.

Tilskotsmidlane kan ikkje dekkje administrative kostander og andre driftsutgifter.

Om søknaden ikkje er fullstendig utfylt, eller det manglar relevante opplysningar, kan det ventast at den ikkje vert handsama.

Meir informasjon rapportering og utbetaling

Søkjjarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport på eige skjema for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast så snart arrangementet er avslutta, men seinast innan 2 månader etter

arrangementet er avslutta. Dersom rapport ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad ved seinare høve ikkje vert handsama.

Utbetaling av tilskotet skjer når rapporteringsskjema med rekneskap er sendt inn.